



02.09.2009

PROTOKOLL

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNING** mandag 31.08.09, kl 1015-1200, rom 372, HF-bygget, 3.etasje.

Til stades:	Leiar	Endre Brunstad
	AHKR	Sven-Erik Grieg-Smith
	LLE	Torodd Kinn
	IF	Anne-Brit Fenner
	Visedekan for undervising	Jan Oldervoll
	Studentrepresentant, IL	Elin Stengrundet
	Frå administrasjonen:	Erna Synnøve Kjensjord (sekretær)

I **Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Det var oppgjeve feil dato i punkt II i innkallinga, "Godkjenning av protokoll frå møte 10.03.2009". Riktig dato er 29.06.2009.

II **Godkjenning av protokoll frå møte 29.06.2009.**

III **Orienteringssaker**

1. Programutvalet oppnemnt

2. Programsensorrapport vår og haust 2009

Rapport frå vårsemesteret har enno ikkje blitt levert. Saka må følgjast opp utover hausten.

3. Organiseringshøyringsnotat for PPU (arbeidsomfang i utdanninga).

Utvalet bør handsame dette som ei eiga sak, og saka vert difor utsett til neste møte i PUHF.

4. Høyringssak om modellar for organisering av lærarutdanninga

Institutta ved HF har fått høyringsfrist til 8.september med å svare fakultetet. Dei ser ut til å vere samde i å støtte "modell 2" som vert presentert i innstillinga. Det vart påpeikt at innstillinga ikkje seier noko om kven i arbeidsgruppa som meinte kva, og at dette burde ha kome meir opent fram.

5. Arbeidsgruppe for samarbeid om lærarutdanning

Endre Brunstad orienterte. Første møte i arbeidsgruppa var same dag som dagens møte i PUHF, 31.08.09. Fordi brevet om dette kom midt i ferieperioden, har HF ikkje hatt høve til å velje nokon representant.

6. Intensivmidlar i UH-Nett Vest med søknadsfrist 15.september

(<http://uhnettvest.no/index.php?action=post&id=49>) Endre Brunstad orienterte. Anne-Brit opplyste om at det var mogleg at engelskdidaktikarane ville søkje.

7. Oppfølging av fleksibel praksis hausten 2009

side 1 av 4

Endre Brunstad stilte spørsmålet om korleis ein best skulle følgje opp opplegget med fleksibel praksis i haust. Det vart lagt vekt på at det bør sendast eit klart skriv om opplegget til skulane (ved rettleiarane). Det er og viktig at fagdidaktikarane deltar på førpraksismøtet og går i dialog med rettleiarane. Studentane bør elles oppmodast om å ta kontakt med administrasjonen med éin gong, skulle dei oppdage kollisjonar mellom undervisning og praksis.

8. Studentsituasjonen – tal og administrative utfordringar (sjå vedlegg)

Erna Synnøve Kjensjord orienterte om aktuelle tal på studentar i dei ulike kulla, tal på studentar som sluttar eller søker seg over til bachelorprogram, og tal på studentar som ikkje har klart å følgje normal studieprogresjon. Det var interesse for å gå nærare inn på situasjonen, og visedekan for utdanning ynskte seg ein meir detaljert analyse av situasjonen, basert på studierettleiarers erfaringar. Det vart påpeikt at det kunne ha vore nyttig å få vite karaktergrunnlaget til studentane som byrjar på programmet, og tydeleggjere når i utdanninga at studentane fell frå.

9. Stillingssituasjonen i lærarutdanninga

Punktet vart berørt i Oldervolls innleiing.

10. Møtetidspunkt for programutvalet hausten 2009

Møtetidspunkta passa ikkje for alle, utvalsmedlemene vil avtale dei endelege tidspunkta på e-post.

IV
S09/04

Saker

Kartlegging i forbindelse med praksisbesøk i lærarutdanninga

Vedtak:

Programutvalet ved HF-fakultetet (PUHF) har som utgangspunkt at norma for praksisbesøk skal vere fire praksisbesøk per student – tre besøk i fagdidaktikk og eitt besøk i pedagogikk. Vi ser rett nok fleire faglege grunnar for at kvar student bør ha fagdidaktiske besøk i kvart fag både på ungdomsskulen og i vidaregåande skule. Av ressursmessige grunnar vil det likevel vere uråd å få det til ved HF-fakultetet. Vi ser dessutan faren for ein "besøkstrengsel" for kvar einskild student.

Generelt er det ved fakultetet ikkje faste rutinar for korleis ein skal dekkje praksisbesøk når det er mange studentar på eit emne eller når det er sjukdom, fråvær eller nedsett stilling t.d. pga. forskingstermin. Her er praksisen ad hoc-løysingar frå semester til semester. PUHF meiner at det ikkje er ei tilfredsstillande ordning, og at det trengst midlar frå sentralt hald. PUHF vil såleis oppmode praksisutvalet og programstyret om å arbeide for at det vert sett av midlar frå Universitetet i Bergen sentralt til å dekkje ekstraordinære utgifter knytte til praksisbesøk

S09/05

Representant til arrangementskomité

Vedtak:

Programutvalet vil be fagdidaktikar Eva Walde Lund, som i haust og neste vår skal undervise i norskdidaktikk, om å sitje i komiteen.

V

EVENTUELT

Utvalsrepresentant frå PPU

Det har enno ikkje lukkast sekretæren for utvalet å rekruttere nokon representant til programutvalet ifrå PPU, men dette må kome på plass i løpet av kort tid.

Presentasjon av visedekan for undervisning

Det vart på førehand meldt om at visedekan for undervisning, Jan Oldervoll, ville delta på møtet, og første punkt på saklista vart difor å bli kjend med den nye visedekananen.

Visedekananen innleia med å leggje vekt på viktigheita av lærarutdanning, og meinte at dette var ei hovudoppgåve for HF. Samstundes, påpeikte han, har einskilde fag innretta seg for mykje inn mot læraryrket, med tanke på oppbygging av spesialiseringane. Studieopplegget burde famne breiare, med tanke på alle dei som ikkje ynskjer å verte lærarar.

Han viste vidare til at den økonomiske situasjonen gjer at sparetiltak må settast inn på alle område, også i lærarutdanninga. Det vert programutvalet og lærarutdanningsutvalet som sjølv må komme på banen med forslag til kvar det kan sparast. Lærarutdanninga, og fagdidaktikarane, er likevel i ei særstilling i forhold til andre program.

Utfordringa vert korleis ein kan oppretthalde kvaliteten på utdanninga og undervisninga samstundes med at ein brukar mindre ressursar.

Endre Brunstad

Erna Synnøve
Kjensjord



UNIVERSITETET I BERGEN

Det humanistiske fakultet

Programutvalet for lærarutdanning